

# PROSJEKTMANDAT

## Framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sauda

Prosjektmandatet skal svare ut Kommunestyret sitt vedtak i sak 23/40373 – Økonomiplan 2024-2027.

*Verbalpunkt 21:*

*Kommunestyret ber kommunedirektøren om å presentere en sak for kommunestyret med forslag til mandat for en utredning av framtidig organisering av oppvekstsektoren (barnehage og skole). Utredningen skal i særlig grad belyse kvalitet, ressursutnyttelse, kompetanse, læringsmiljø og utvikling. Kommunestyret er opptatt av at prosessen med utredningen er godt forankret, og ber kommunedirektøren om sikre medvirkning fra samarbeidsutvalg og de ansatte sine organisasjoner.*

### Forslag til mandat for framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sauda

Prosjektet «framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sauda» skal bidra til å avklare korleis barnehagar, skular og SFO i Sauda skal vere organisert i framtida.

Første og fremst skal prosjektet gi ei vurdering av kva organisering barn, unge, tilsette, føresette og kommunen som organisasjon vil vere best tent med, vurdert opp mot faktorane kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling. For å få til dette vil prosjektgruppa nytte ekstern kompetanse som skal kartleggje styrkjer og utfordringar på desse områda med dagens organisering. Vidare vil prosjektgruppa nytte ekstern kompetanse til å greie ut dei ulike alternativ til organisering av barnehagar, skular og SFO, og vise korleis dei ulike alternativ kan endre styrkje- og utfordringsbiletet.

Prosjektgruppa vil definere ein beste-praksis på områda kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling, og la det stå som ei beskriving for ønska situasjon på desse områda. Prosjektgruppa vil sikre medverknad frå barn, unge, tilsette og føresette som grunnlag for å definere ønska situasjon.

Prosjektgruppa vil vidare bruke den innsamla informasjon til å analysere og vurdere kvart alternativ til organisering opp mot den ønska situasjonen. Endeleg vil prosjektgruppa lande på eit forslag til vedtak som blir lagt ut på høyring, før endeleg handsaming i råd og utval. Kommunedirektøren vil deretter leggje fram ei sak til kommunestyret, med forslag til vedtak om korleis oppvekst i Sauda skal vere organisert i framtida.

Ei avklaring av struktur og rammebetingelsar er viktig for å unngå for mange forstyrningar og distraksjonar i barnehagane, skulane og SFO, samt dei tilsette sitt arbeid.

Barnehage og skule har også ein funksjon i nærmiljø og samfunn, utover det overordna målet om å gi barn og unge eit trygt, godt og inkluderande tilbod. Det vil naturleg vere ulike interesser og synspunkt i ei slik sak, avhengig av bakgrunn, erfaringar og verdiar. Målet er å få til ein open og informativ prosess som sikrar medverknad frå involverte aktørar (barn, unge, tilsette og føresette), og mest mogleg anerkjenning og aksept i samfunn og befolkning for dei val som blir tatt.

Kommunestyret har spesifikt bedt om at samarbeidsutvala i barnehagar og skular, samt fagrørslar for dei tilsette i sektoren, blir involvert. Desse partane vil både vere representert i prosjektgruppa, og vil fungerere som referansegruppe undervegs i arbeidet.

Kommunedirektøren legg til grunn følgjande definisjon av faktorane i kommunestyret si bestilling:

- Kvalitet:
  - Evne (kapasitet og kompetanse) til å tilby og oppretthalde eit miljø og gi eit tilbod som fremjar alle barn og unge sin trivsel, læring og utvikling. I dette ligg også kapasitet og kompetanse til å hjelpe alle barn/unge med det dei treng, når dei treng det. (Tidleg innsats.)
  - I ein slik definisjon ligg det at ein skal vurdere kva som er det beste for barnet. Barn/unge si stemme, føresette si stemme (på vegne av barn/unge), og ei vurdering basert på fagleg kunnskapsgrunnlag skal vegast og vurderast opp mot kvarandre.
  - I ei slik barns- beste-vurdering ligg det også at ein må sjå barnehagar, skular og SFO som ein viktig del av barns nærmiljø, og kva effekt ei endring av organisering kan ha for kvaliteten på nærmiljøet til dei barna som har barnehagar og skular i sitt buområde.
  - Ein må naturleg sjå dei ulike faktorane saman, når ein skal vurdere kvalitet. Blant anna har fysiske omgjevnadar og kompetanse betydning for kvalitet.
- Ressursutnytting:
  - Tal barn barnehagane og skulane har plass til, og som gir eit fysisk trygt og forsvarleg pedagogisk tilbod i kvar avdeling/gruppe/klasse. Nå og i framtid.
  - Å sikre rett og nok kompetanse til alle barn og unge, i alle einingar.
  - Å bruke personalet sin kompetanse og erfaring på ein god måte. I dette ligg det også å vurdere kva yrkesgruppe som kan og bør gjere kva.
  - Lærarsamarbeid og tverrfagleg samarbeid (BTI)
  - God pedagogisk kapasitet og -kompetanse til å kunne møte alle barn og unge sine ulike behov og interesser.
  - God leiarkapasitet og -kompetanse til drift og utvikling i alle einingar.
  - Nok og passende pedagogisk materiell og utstyr.
- Kompetanse
  - Tilsette med individuell kompetanse som innfrir nasjonale lovkrav til pedagogar og lærarar.
  - Tilsette med spesialpedagogisk kompetanse.
  - Leiarkompetanse.
  - Tverrfagleg kompetanse i laget rundt barnet (BTI).
  - Kompetanse hos tilsette i SFO

- Robuste og profesjonelle læringsfellesskap for tilsette i barnehage, skule og SFO.
  - Tilsette med kompetanse innan digitalisering og utdanningsteknologi
- **Læringsmiljø:**
    - Læringsmiljøet skal vere helsefremjande, trygt og godt for alle. For barna i skulen inneber også dette skulevegen.
    - I eit **trygt** læringsmiljø føler alle seg fysisk og psykisk trygge. Eit helsefremjande fysisk miljø, og eit helsefremjande psykososialt miljø med fråvere av mobbing, trakassering eller diskriminering.
    - Fråvære av diskriminering inneber universell utforming av bygg og anlegg som inkluderer alle, ute og inne. I kva grad bygg og anlegg er designa for mangfald, og korleis dei er lagt til rette for praktisk og variert læring som passar alle, betyr noko for eit inkluderande læringsmiljø.
    - Vidare betyr det noko for barn og unge sitt tilbod i barnehage, skule og SFO at dei tilsette har fysiske arbeidsplassar (etter lovkrav) som gir gode forhold for å gjere jobben sin på arbeidsplassen, både individuelt og saman med kollegaer.
    - Eit **godt** læringsmiljø gir alle, barn og tilsette, positive kjensler, engasjement for aktivitet/oppgåver, gode relasjonar, motivasjon og meistring/måloppnåing.
  - **Utvikling:**
    - Barnehagane, skulane og SFO blir drive i samsvar med lovkrav i lov om barnehagar og lov om grunnskulen.
    - Satsing og fokus på kvaliteten i det pedagogiske arbeidet i barnehagar, skular og SFO.

Desse definisjonane av dei ulike faktorane vil liggja til grunn for å beskriva og vurdere ulike alternativ for organisering av oppvekstsektoren.

Ein del av arbeidet inneber også å hente inn og synleggjere erfaringar frå andre kommunar.

I tillegg vil kommunedirektøren utgreia økonomiske og administrative konsekvensar for alle alternativ.

Kommunedirektøren sine forslag til kva former for organisering av barnehagar og skular som blir utgreidd

#### **Barnehage:**

Alternativ 0: Dagens organisering

Alternativ 1: Leggje ned ein kommunal barnehage

Alternativ 2: Leggje ned ein kommunal barnehage og be om kommunal overtaking av Brakamoen barnehage SA.

Alternativ 3: Ein felles kommunal barnehage ved å byggje på ein av dei eksisterande. (Forutsatt fortsatt privat drift av Brakamoen barnehage SA.)

#### **Grunnskule:**

Alternativ 0: Dagens organisering

Alternativ 1: Dagens organisering og justere skulekringsgrensene for meir jamn elevfordeling.

Alternativ 2: Leggje ned ein barneskule.

- Alternativ 2a: Ein felles barneskule, fordelt på to bygg. Småskulen (1.-4.) og mellomtrinnet (5.-7.)
- Alternativ 2b: To barneskular som 1. – 7. skular.

Alternativ 3: Ein felles barneskule ved å byggje på ein av dei eksisterande barneskulane.

Alternativ 4: Ein felles barneskule ved å byggje eit nytt skulebygg.

Kjem det som del av prosessen innspel om andre alternativ som bør bli utgreidd, kan det blir aktuelt å utvide med fleire alternativ.

### Prosjektorganisering og medverknad

Kommunedirektøren vil utføre utgreiinga som eit prosjekt med ei prosjektgruppe og referansegrupper. Kommunedirektøren er prosjekteigar og set ned gruppene, som begge skal sikre høg grad av involvering og medverknad.

#### Prosjektgruppe:

Prosjektleder: Kommunalsjef oppvekst

Medlem: Rådgjever oppvekst (er også sekretær)

Medlem: Ein barnehagestyrar

Medlem: Ein barneskulerektor

Medlem: HTV Utdanningsforbundet

Medlem: HTV Fagforbundet

Medlem: Felles SFO-leiar

Medlem: Leiar i kommunalt foreldreutval

#### Referansegruppe:

Kommunalt foreldreutval for barnehage og skule – 8 medlemmer

Plasstillitsvalt frå barnehagane og barneskulane – 8 medlemmer

Representant frå tilsette i småskulen – 3 medlemmer

Representant frå tilsette i barnehagane – 4 medlemmer

Ungdomsrepresentant – 2 medlemmer

#### Medverknadsaktørar:

Fagrørslene og samarbeidsutvala ved barnehagane og skulane vil få medverke ved at dei blir bedt om innspel undervegs i prosessen.

Elevråd (skule), tilsette og foreldra sitt arbeidsutval (FAU, skule) blir involvert av sine representantar i forkant av samarbeidsutval.

#### Høyringsinstansar til endeleg saksframlegg:

- Fagrørslar
- Samarbeidsutval i barnehagar og skular
- Høyringa blir elles open for alle som ønskjer å gi innspel

## Kommunikasjon og informasjon

Kontaktperson i saksarbeidet: Kommunalsjef oppvekst

Informasjon:

Det blir etablert eit eige område på Sauda kommune sine heimesider som beskriv prosjektmandat, framdriftsplan og gir undervegsinformasjon.

## Framdriftsplan2024

| <b>Kva skjer - 2024:</b>   | <b>Medverknad:</b>  | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni | Juli | August | September |
|--|---|--------|---------|------|-------|-----|------|------|--------|-----------|
| 1. <b>Innspel til utkast, saksframlegg prosjektmandat:</b>   | Samarbeidsutvala<br>Fagrørslar  | X      |         |      |       |     |      |      |        |           |
| 2. <b>Handsaming av saksframlegg prosjektmandat:</b>   |   |        |         |      |       |     |      |      |        |           |
| ✓ Ungdomsrådet   |   | 29.    |         |      |       |     |      |      |        |           |
| ✓ Funksjonsnedsettes<br>råd  |   | 30.    |         |      |       |     |      |      |        |           |
| ✓ Formannskapet  |   |        | 07.     |      |       |     |      |      |        |           |
| ✓ Kommunestyret  |   |        | 21.     |      |       |     |      |      |        |           |
| 3. <b>Etablere prosjektgruppe</b>  | Samarbeidsutvala<br>Fagrørslar<br>Ungdomsråd  | X      |         |      |       |     |      |      |        |           |
| 4. <b>Etablere informasjonsområde på heimesida</b>   | Prosjektgruppa  | X      |         |      |       |     |      |      |        |           |
| 5. <b>Beskrive eit nå-bilete som omfattar faktorane i kommunestyret si bestilling, og greie ut alternativ til organisering:</b>  | Eksterne konsulentar  |        |         |      |       |     |      |      |        |           |
| ✓ Minikonkurranse  |   | X      |         |      |       |     |      |      |        |           |
| ✓ Tildele anbod  |   | X      |         |      |       |     |      |      |        |           |
| ✓ Gjennomføring  |   |        | X       | X    | X     |     |      |      |        |           |
| 6. <b>Drøfte og beslutte eit ønska bilete, kjenneteikn på ei god framtidig organisering av barnehagar og skular i Sauda, ut frå faktorane kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.</b> | Utkast og endeleg:<br>Prosjektgruppa<br>Innspel til utkast:<br>Samarbeidsutvala<br>Fagrørslar |        | X       | X    | X     |     |      |      |        |           |

| <b>Kva skjer - 2024:</b>  | <b>Medverknad:</b>   | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni | Juli | August | September |
|---|--|--------|---------|------|-------|-----|------|------|--------|-----------|
| <b>7. Dialogmøte med kommunestyret</b><br>- Delrapport 1 om kvalitet blir lagt fram.  |  |        |         |      | 24.   |     |      |      |        |           |
| <b>8. Informasjonsmøte for føresette</b><br>- Delrapport 1 om kvalitet blir lagt fram.  |  |        |         |      | 24.   |     |      |      |        |           |
| <b>9. Drøfte og beslutte</b><br><b>Nå-beskriving frå eksterne konsulentar.</b>  | Utkast og endeleg:<br>Prosjektgruppa<br><i>Innspel til utkast:</i><br><i>Samarbeidsutvala</i><br><i>Fagrørslar</i> |        |         |      |       | X   |      |      |        |           |
| <b>10. Analyse og vurdering av kvart alternativ til organisering, ved å bruke informasjon frå nå-beskriving, og sjå denne opp mot dei definerte faktorer kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.</b> | Utkast og endeleg:<br>Prosjektgruppa<br><i>Innspel til utkast:</i><br><i>Samarbeidsutvala</i><br><i>Fagrørslar</i> |        |         |      |       | X   |      |      |        |           |
| <b>11. Drøfte og beslutte endeleg tilråding til framtidig organisering av oppvekstsektoren.</b>   | Utkast og endeleg:<br>Prosjektgruppa<br><i>Innspel til utkast:</i><br><i>Samarbeidsutvala</i><br><i>Fagrørslar</i> |        |         |      |       | X   |      |      |        |           |
| <b>12. Saksframlegg høyringsuttale</b>  | Utkast og endeleg:<br>Prosjektgruppa<br><i>Innspel til utkast:</i><br><i>Samarbeidsutvala</i><br><i>Fagrørslar</i> |        |         |      |       | X   |      |      |        |           |
| <b>13. Folkemøte</b>  |  |        |         |      |       |     | X    |      |        |           |
| <b>14. Handsaming av saksframlegg høyringsgrunnlag</b>  |  |        |         |      |       |     |      |      |        |           |
| 15. Ungdomsrådet  |  |        |         |      |       | 27. |      |      |        |           |
| 16. Funksjonsnedsettes råd  |  |        |         |      |       | 28. |      |      |        |           |
| 17. Formannskapet   |  |        |         |      |       |     | 05.  |      |        |           |
| 18. Kommunestyret   |  |        |         |      |       |     | 19.  |      |        |           |

